



Møtereferat

Gruppe/tema: Faggruppe T2 Kultur og idrett.

Møtestad: Ålesund rådhus

Dato: 13.04.18

Tid: kl 10-12

Møteleiar: Oskar Skulstad

Deltakarar:	Kommune/repr.
Oskar Skulstad	<i>Ålesund</i>
Per Langnes	<i>Haram</i>
Åse Karin Gjære	<i>Ørskog</i>
Anita Øen	<i>Sandøy</i>
Magne Fylling	<i>Skodje</i>

Saksliste:

Oppstart av faggruppe for kultur og idrett

Referat og konklusjonar:

Det blei avklart at sekretærfunksjonen skal gå på omgang i gruppa.

Magne Fylling blei valt som referent i første møte.

Sak 1/18: Gjennomgang av mandatet

Leiar starta med gjennomgang av mandatet. Det inneber både utarbeiding av eit kartleggingsdokument og eit grunnlagsdokument med forslag til vidare prosjektarbeid.

Både kartlegginga og grunnlagsdokumentet er forventa utført i løpet av våren 2018.

Dei små kommunane trur det skal vere ei overkommeleg oppgåve, medan Ålesund er noko meir usikker på om det er råd å halde denne tidsfristen.



Per Langnes tok opp spørsmålet rundt ulike former for avtalar som er gjort med frivillige lag. Korleis blir det å overføre desse inn i storkommunen? Treng vi juridisk bistand for å ivareta desse forpliktelsane på ein god måte?

Sak 2/18: Felles føringar for alle delprosjekt

Leiar tok fram dokumentet «Felles føringar for alle delprosjekt i Nye Ålesund». Det angir eit verdigrunnlag og gir viktige føringar for det arbeidet.

Sak 3/18: Organisering av arbeidet i faggruppa

Åse Karin Gjære har kjennskap til korleis prosjektportalen er bygt opp.

Ho vil ta på seg å byggje opp ein mappestruktur for kartlegginga.

Desse mappene vil bli lagt i «Dokumenter» i portalen.

Per Langnes informerte om at det finst ei innstilling i portalen som aktiverer ei varsling når det er relevant aktivitet.

Det var fleire som kjende behov for opplæring i bruk av prosjektportalen, og Oskar vil prøve å få det i stand fredag 27.04. om føremiddagen.

Åse Karin Gjære heldt fram behovet for å kome raskt i gong med val av fagsystem i biblioteka. Pr dato er det nokre kommunar som brukar Micromark, og andre Bibliofil.

Åse meiner det må setjast ned ei gruppe som kan arbeide fram kva det er viktig at eit framtidig fagsystem skal innehalde.

Elles vil faggruppa tilrå at kulepunkt to «*Foreslå korleis ressursane kan utnyttast betre, synergjar, digitalisering, fornying og utvikling innan fagområdet*» i grunnlagsdokumentet blir utsett til hausten og helst utarbeidd i nær dialog med kommunalsjef for området.

Neste møte blei bestemt til 25. mai kl 0830, Gomerhuset på Skodje.